




Bokn kommune
Seksjon kultur, skule og barnehage

Bokn skule



Bokn 25.02.21

INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche Havikbotn, rektor
mobil 41764082
wenche.havikbotn@bokn.kommune.no
Annette Bokneberg, skulekontor,
tlf 52752569
annette.bokneberg@bokn.kommune.no

Flytting ut av eksisterande skulebygg

No er det blitt klart at ein skal begynne arbeidet med å rive den gamle skulen etter påskeferien. Det vil bety at me må flytte ut av bygget før det. For å få dette til å passe inn i planane våre blir denne fysiske flyttinga lagt til onsdag 17. mars.

For å få mest mogleg tid til flyttinga så vil elevane frå 5. – 10. klasse få avspasere frå klokka 11 den dagen (17.mars). Dei som går i 1. – 4. vil få tilsyn til skuleslutt og deretter SFO for dei som har det.

Det vil ikkje gå ordinær skyss heim klokka 11 så det er fint dersom ein klarer å organisere dette sjølv. Dersom nokon får problem med skyss heim må de sende melding til Annette om dette innan fredag 12. mars klokka 12:00. For dei minste som skal heim til vanleg tid og ikkje vidare på SFO vil den ordinære skyssen gå.

Torsdag 18. mars skal elevane møte til dei nye klasseromma. I samband med dette minner eg om skrivet som blei sendt ut tidlegare om gangveggar og trafikkavvikling/drop-soner. Legger skrivet ved som eit vedlegg no også eller så kan de også finne det på kommunen sine heimesider under oppvekst og informasjon til heimane.

Elevane må ta med seg heim alle klede og sko og andre eigendeler denne dagen slik at ting ikkje kjem vekk i flyttinga. Me får hjelp til flyttinga frå folk utanfrå og me har ikkje høve til å passa på personlege ting til elevane. Tinga elevane skal ha med seg over i nytt klasserom som dei trenger i skulen vil dei få pakke sjølv i esker.



For dei som leverer eller sender elevane på skulen om morgonen og ikkje har morgon SFO vil eg minne om at arbeidstida til personalet ikkje begynner før 08:00. Av den grunn er det ikkje dørene låst opp, eller vaksne til stade for å sjå etter dei som eventuelt kjem til skulen før 08:05.

Gå inn å sjå på Bokn bibliotek si Facebook-side. Der ligger det informasjon om Vinterles! Ein lesekonkurranse for alle elevar frå 1. til 10. klasse. Mange kjekke premiar ein kan vinne. Biblioteket har også vanlege opningstider i vinterferien.

Til slutt vil eg ønske alle ein fin vinterferie!



Med helsing

Wenche Havikbotn
Rektor